

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0173	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bolyst 2013			
<b>Prosjektnavn</b>	Inkludering i Vågå			

### Kort beskrivelse

Utarbeiding av modell for inkluderinga av flyktningar i Vågå kommune

### Prosjektbeskrivelse

Vågå kommune ønskjer å vere offensive og framtidsretta . Vi ønskjer å ha fokus på ressursane som finnes i flyktningane og utvikle ein modell for offensiv og inkluderande mottakspolitikk. Modellen skal utarbeidast gjennom tett samarbeid med barnehagar, skular, frivillige lag og foreiningar og det lokale næringsliv.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Vågå kommune	Edvard Stormsveg 2 2680 VÅGÅ	90132335
<b>Kontakt- person</b>	Jan Egil Fossmo	Edvard Stormsveg 2 2680 VÅGÅ	90132335
<b>Prosjekt- leder</b>	Jan Egi Fossmo	Edvard Stormsveg 2 2680 VÅGÅ	90132335

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Tidlegare fått støtte til prosjektet Vaken og Vågal i Vågå

Utdanningsdirektoratet: 1 450 000 kroner til sansebasert læring og kultur møte i skule og barnehage. Blir brukt til musikkpedagog, Arne Brimis smaksskule og fotosatsing, samt kultur møteveke som blir arrangert i juni.

Fylkesmannen: 500 000 over to år til prosjektet

KRD: Søkte bulystmidlar i fjor til prosjektet (men søkte då på friluftssatsing, og ikkje retta spesielt inn mot innvandrarar), men fekk avslag

### Spesifikasjon

#### Bakgrunn

Vågå kommune er ei gjennomsnittskommune i indre østlandet som ikkje er alt for vante med framande kulturar i eit historisk perspektiv.

Vågå er også spesielle for oss, sidan ein stor del av innvandrarane som kjem hit er ikkje-vestlege. Det vil seie med ein heilt annan kulturbakgrunn. I tillegg har mange av dei manglande utdanningsbakgrunn eller er analfabetar når dei kjem hit.

Vi ønskjer å satse på ein offensiv modell for inkluderings av framankulturelle fordi vi ser at det i ei globalisert verd blir stadig viktigare, og at innbyggjarane våre skal bli sikre på sin eigen kulturelle identitet men samstundes ha eit ope sinn mot andre kulturar.

I motsetnad til mange kystkommunar og bykommunar har Vågå vore meir skjerma frå inntrykk utanfrå. Vi meiner det då er ekstra viktig at vi må vere ekstra medvitne på å gje innbyggjarane innblikk i andre kulturar sidan dei ikkje får dette like "naturleg" i kvardagen som dei gjer i byane. I eit fleirkulturelt samfunn, er det viktig at dei unge og vaksne også er i stand til å ta i mot framandkulturelle og andre kulturar. Dette arbeidet blir stadig viktigare i tida framover.

Vi meiner det er viktig at vi spelar på det vi er gode på i kommunen, og der omverda har interesse for oss. Vi meiner eit fortrinn kan vere viss vi klarar å vidareutvikla vår kulturelle identitet i samspel med resten av verda sine kunst- og kulturuttrykk. Vi vil skape eit kreativt og progressivt lokalsamfunn ved hjelp av fokus på kultur møte. Vi har allereie engasjerte organisasjonar og enkeltindivid, men har ikkje eit godt gjennomarbeidd system som gjev eit heilskapleg godt inkluderande tilbod til nye innbyggjarar.

Vågå kommune har gjennom fleire år busett flytningar. Dette er eit interessant og utfordrande arbeidsområde, og er vanskeleg å samanlikne med noko anna kommunalt arbeid. Vi veit at det er fleire kommunar kring oss som ikkje lenger tek i mot flykningar med argumentasjon som; manglande bustadar, frykt for kriminalitet, manglande arbeidstilbod mm.

Vågå kommune ønskjer å vere offensive og framtidsretta. Vi ønskjer å ha fokus på ressursane som finnes i flyktingane og utvikle ein modell for offensiv og inkluderande mottakspolitik. Modellen skal utarbeidast gjennom tett samarbeid med barnehagar, skular, frivillige lag og foreiningar og det lokale næringsniv.

### **Prosjekt mål**

At fleire av våre nye innbyggjarar blir buande i Vågå og blir inkludert.

At barn og unge opptil 30 år deltek i minst eit fritidstilbod i Vågå

Auka kompetanse på kultur møte hjå befolkninga

Arenaer for å synleggjere gode døme og kulturen som blir brakt inn i Vågå

Barn og unge som trivst i skulen og på fritida, og som tek vare på kvarandre uansett hudfarge og kulturbakgrunn

- Auka kompetanse hjå foreldre og tilsette på kultur møte og inkludering

### **Forankring**

I prosjektet Vaken og Vågal i Vågå var ei av undergruppene i forprosjektet "det globale i det lokale", og var breitt samansett av tilsette i skule og barnehage, friviljuge, foreldre, elevar og politikarar. Dei peika på at inkludering og gode modellar for kultur møte noko vi bør satse på i Vågå.

Kommunestyret vedtok samrøystes 8.februar 2011 prosjektrapporten "Vaken og Vågal i Vågå", der dei slutta seg til eit femårig utviklingsarbeid i skule og barnehage

heile lokalsamfunnet skal vere med for å oppleve ulike kulturuttrykk i Vågå, og der vi skal bli kjend med kvarandre. Her er både vaksenopplæringa, friviljugsentralen og fleire som jobbar med inkludering involvert.

### **Prosjektorganisering**

Prosjekteigar er Kommunestyret.

Styringsgruppe i "Vaken og Vågal i Vågå" er ordførar, rådmann og sektorsjef for oppvekst og kultur og oppvekstsjef for helse og sosial.

I prosjektet med inkludering av innvandrar og kultur møte, som vi søker på her vil prosjektgruppe vere flyktningkonsulent, friviljugsentral og representant for næringslivet - i tillegg til politikar og oppvekstsjef.

Søknaden har vore drøfta med Oppland Fylkeskommune v/ Dag Arve Henriksen. Etter råd frå dei sender vi søknaden direkte til KR D da vi meiner at modellen vi ønskjer å lage har nasjonal overføringsverdi.

### **Samarbeidspartnere**

Friviljugsentralen  
Vaksenopplæringa  
Flyktningkonsulent  
Næringslivet i Vågå  
Friviljuge lag og organisasjonar  
Skular og barnehagar  
Helsestasjonen

### **Aktivitetar**

- Bruk av vaksenopplæringa i generelle kompetansehevingstiltak
- Aktiv bruk av friviljuge, lag og foreingar i inkludering av flytningar i
- Koordinering av tilbod som finst i Vågå og informasjon til nye innbyggjarar om dette på deira språk
- Inkludering som tema på foreldremøte
- Eige kurs om inkludering for tilsette i skule og barnehage
- Aktiv bruk av Informasjonstiltak retta inn mot næringsliv og andre arbeidsplassar om praksisplassar

### **Målgrupper**

- Flyktingar med særleg vekt på barn og unge frå 0-18 år - Foreldre - Friviljuge lag og organisasjonar - Næringsliv - 1

## Resultat

- Vi er "eitt samfunn" i Vågå. Ikkje dei og oss
- Fleire innbyggjarar i praksisplassar
- Fleire innvandrar deltek i friviljuge lag og på organiserte tilbod
- Nye innbyggjarar blir kjend med Vågå-samfunnet og vi blir kjend med deira kultur
- Utnytte ressursane til nye innbyggjarar

## Effekter

- Vågå er ein plass der alle blir take godt i mot og inkludert
- Mindre fråfall av minoritetar i den vidaregåande skulen
- Fleire som består norsktestar gjennom vaksenopplæringa
- Mindre bruk av spesialundervisningstiltak i grunnskulen
- Kulturmøte som grunnlag for ny næringsverksemd
- Auka tilflytting
- engasjerte friviljuge

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

August 2013: Tilsetting av prosjektkoordinator

August-desember 2013: Tiltaksplan i samarbeid med friviljuge i samfunnet

September 2013: Skolering av tilsette i barnehage og skule

September 2013: Skolering av friviljuge og næringsliv

Januar 2014: Tilbod om etter-skuletid-aktivitetar; kulturmøte

Januar-Juni 2014: Informasjon til innvandrarane om tilboda

Juni 2014: Kulturmøteveke

Sommaren 2014: Sommarskule med aktivitetar i tråd med innsatsområda August 2014: Aktivitetane fortsetter

Juni 2015: Aktivitetar implementert

Juni 2015: Kulturmøteveke

### Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Diverse gjennomføringstiltak/aktivitetar	100 000	100 000	100 000			300 000
Frikjøp friviljuge og andre	200 000	200 000	200 000			600 000
Informasjonstiltak mot målgruppa og	200 000	200 000	100 000			500 000

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
samarbeidspart						
kompetanseheving tverrfagleg	200 000	200 000	100 000			500 000
Prosjektkoordinator	300 000	500 000	500 000			1 300 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 000 000</b>			<b>3 200 000</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
Kommunal- og regionaldepartementet	1 000 000	1 200 000	1 000 000			3 200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 000 000</b>			<b>3 200 000</b>

**Geografi**

515-Vågå

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>